

Helse Vest RHF
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

Dykkar ref: 2016/3028-19477/2016	Vår ref: 2016/5836 - 64748/2016	Saksbehandlar: Geir Sverre Braut 51513776	Dato: 20.07.2016
--	---	---	----------------------------

Høyring - Nasjonale retningsliner for open tilgang til forskingsresultat

Helse Stavanger HF viser til brev av 7. juli 2016 vedlagt høyringsbrev og rapport frå Kunnskapsdepartementet om open tilgang til forskingsresultat. Vi vel å følgja oppmodinga frå Helse Vest RHF om å senda høyringssvaret vårt til det regionale helseføretaket i det vi ser at eit samla innspel kan gje større tyngde overfor departementet, jf. den lange lista over instansar som er bedne om å koma med innspel i saka.

Rapporten av 14. juni 2016 er prisverdig kort og lettlesen. Men det spørers likevel, som det også er nemnt i rapporten, om ikkje fleire av dei omtalte utfordringane bør utgreiast ytterlegare for seg før ein fastset meir varige ordningar, sjå seinare i dette brevet.

Sju fornuftige, overordna prinsipp

Likevel er det ikkje vanskeleg på prinsipielt grunnlag å slutta seg til dei sju overordna retningslinene som er nemnde på side 3. Det er lett å følgja argumentasjonen om at resultatata frå offentleg finansiert forskning også må kunna gjerast offentleg tilgjengeleg utan ytterlegare kostnader for samfunnet. Det følgjer av prinsippa i offentleglova, sjølv om lovkrava der ikkje umiddelbart er relevante for saka her. Vi ser heller ikkje at eit krav om open offentleggjing av forskingsresultat kan koma i strid med kravet om akademisk fridom. God akademisk praksis tilseier evne og vilje til å la resultatata ein kjem fram til bli prøvde i det offentlege rommet. Open tilgang vil då snarare vera ein styrke for enn ei innsnevring av den akademiske fridomen, nett slik som utvalet gjer greie for i rapporten.

Kor mykje av forskingsmaterialet skal vera ope tilgjengeleg?

Det er likevel eit poeng her som bør drøftast vidare. Det handlar om kor mykje av forskingsresultata som skal vera ope tilgjengelege. Helse Stavanger HF ser det som uproblematisk at resultatet av forskning i form av ein artikkel eller ein rapport skal gjerast ope tilgjengeleg.

Men innanfor forskingspraksis ser vi i dag ei utvikling i retning av at også det materialet ein byggjer på skal omfattast av prinsippet om open tilgang, så langt det kan skje utan at personopplysingar blir avslørte. Det kan sjølv sagt førast ein god argumentasjon for at dette er rimeleg, til dømes av omsyn til etterfølgjande kvalitetssikring og kontroll av forskinga. Likevel er dette ein praksis som enno ikkje er skikkeleg utvikla og evaluert. Vi har røynsle for at mange forskarar stiller seg skeptiske til dette, mellom anna fordi dei på eit relativt tidleg tidspunkt då eigentleg gjer frå seg råderetten over materialet, kanskje før potensialet i det er fullt utnytta.

Dersom ein ønskjer å trekkja prinsippet om open tilgang til også å gjelda anna materiale enn den endelege rapporteringa, meiner vi at ein bør ha ei breiare utgreiing av dette før ein stadfestar ein nasjonal praksis på området. Ikkje minst bør det sikrast at tilgangsordningane stimulerer til samarbeid om forskning og ikkje blir slik utforma at dei opnar for at nokon kan få lettvinntilgang til materiale og vurderingar som andre har hatt det vesentlegaste av arbeidet med å framskaffa.

Det er behov for eit vitenarkiv, men kva det skal vera må utgreiast nærare

Helse Stavanger HF merker seg også påpeikinga av behovet for å etablere vitenarkiv i form av institusjonsbaserte eller nasjonale repositorium over rapporterte forskingsresultat. Dette behovet er tydeleg og påtrengjande. Vi ser i dag store omskifte i korleis både universiteta og andre forskingsinstitusjonar (instituttsektoren, helseføretaka) organiserer seg. Vi tykkjer difor det vil vera mest føremålstenleg og robust med tanke på bevaring for framtida at eit slik vitenarkiv blir etablert på nasjonalt nivå.

Om dette vil vera ei bibliotekteneste som kan forankrast i Nasjonalbiblioteket, ei arkivteneste som bør forankrast i Arkivverket eller noko nytt som krev ei særleg organisering, bør utgreiast som eiga sak. Eit artikkelbasert repositorium liknar umiddelbart mest på tradisjonelle bibliotektenester, men dersom ein også på noko sikt skal oppbevare forskingsprotokollar og innsamla materiale, er likskapen med tradisjonelle arkiv langt større.

Det er ikkje urimeleg å knyta deponeringa av ein artikkel i eit vitenarkiv opp mot tildeling av publikasjonspoeng slik som føreslått i rapporten. Dette deponeringskravet bør omfatta både artiklar publiserte i tradisjonelle og opne tidsskrift. Også det som er publisert i opne tidsskrift kan trengja eit framtidssvern som berre eit uavhengig repositorium kan gje.

Eit nasjonalt vitenarkiv må bli noko meir enn det vi kjenner frå ulike forskingsdatabasar i dag, slik som til dømes PubMed internasjonalt og CRIStin nasjonalt. Det må også sikra koplingar til slike internasjonale system som ClinicalTrials.gov og det norske «Kliniske studier» på helsenorge.no. Det bør også vera slik utforma at det kan erstatta ulike institusjonsinterne registreringsordningar. Systemet må vera slik utforma at både forskarane, styremaktene og publikum kan søkja fram ulike typar opplysningar som dei har lovleg tilgang til. Dette vil då også krevja eit grundig utgreiingsarbeid knytt til korleis eit slik arkiv skal sikrast.

Eigentleg bør ein kunna sjå for seg eit samla nasjonalt system som kan erstatta dei ulike registra og meldeordningane som forskarar og forskingsinstitusjonar må forhalda seg til i dag. Nettopp slike utfordringar gjer at utviklinga av eit vitenarkiv bør byggja på ei eiga, breiare utgreiing der kompetanse frå ulike forskingsmiljø og forvaltninga blir supplert med kompetanse frå ikt-tenester, arkiv- og biblioteksektoren.

Drøftinga av nye kriteria for evaluering av forskning er for knapp

Rapporten er også eit par stader (mellom anna side 9 og sidene 21-22) innom behovet for å endra kriterium for evaluering av forskning. Her viser ein til *The San Francisco Declaration On Research Assessment* (www.ascb.org/dora) som er sterkt kritisk mellom anna til bruk av *impact factor* for ulike tidsskrift i vurdering av kvalitet av forskning. Det er ikkje vanskeleg å følgja argumentasjonen her heller, men også på dette punktet er det vanskeleg å gå inn for å endra dei noverande systema utan at det ligg ei breiare utgreiing til grunn.

Kort oppsummert meiner Helse Stavanger HF at dei tilrådde sju nasjonale retningslinene er fornuftige, men at ein i det vidare arbeidet må utgreia nærare følgjande forhold:

- Kor mykje av resultat av forskning, ut over artiklar m.v., skal vera ope tilgjengeleg?
- Kva skal funksjonskrava til eit vitenarkiv/forskingsrepositorium vera?
- Kva er fordelar og ulemper ved ulike nye/alternative ordningar for kvalitetsvurdering av forskingsdokumentasjon som veks fram internasjonalt?

Med venleg helsing
Forskingsavdelinga


Stein Tore Nilsen
forskingdirektør


Geir Sverre Braut
seniorrådgjevar